

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200501325

Dato: 05.04.2006

Forskrift om offentlige anskaffelser og forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) mv.

1. Kva saka gjeld

Med heimel i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser § 11 legg departementet fram forslag til ny forskrift om offentlege innkjøp og ny forskrift om innkjøpsreglar for forsyningssektorane.

Forskriftene erstattar forskrift 15. juni 2001 nr. 616 om offentlige anskaffelser og forskrift 5. desember 2003 nr. 1424 om innkjøpsregler for oppdragsgivere innen vann- og energiforsyning, transport og telekommunikasjon (forsyningssektorene). Forslaga til nye forskrifter gjennomfører i norsk rett EU-direktiva 2004/17/EF og 2004/18/EF, som er i prosess for å gjerast til del av EØS-avtala, samstundes som det òg er gjort endringar i den nasjonale delen av regelverket. Både forskriftene følgjer opp hovudlinene i gjeldande forskrifter, men då det òg har vore ønskjeleg å gjere større endringar i strukturen, har departementet valt å fremje forslag til nye forskrifter framfor å endre gjeldande forskrifter.

2. Høyring

Forskriftene har vore på høyring hos ei rekkje adressatar, medrekna alle departementa, fylkeskommunane, kommunane, mange statlege etatar, organisasjonar, rådgjevarar og bedrifter. Til forslaget til ny forskrift om offentlege innkjøp har departementet fått innspel frå ca. 170 høyringsinstansar, medan det kom inn ca. 40 høyringsinnspel til forslaget til ny forskrift om innkjøpsreglar for forsyningssektorane.

3. Hovudendingane

3.1 Dei viktigaste endringane i den nye forskrifta om offentlege innkjøp er desse:

Forskrifta om offentlege innkjøp har omfattande og til dels kompliserte reglar om prosedyrane det offentlege må følgje ved innkjøp. I tillegg til å implementere direktiv 2004/18/EF, har det difor vore eit mål å gjera delar av regelverket enklare og å gje innkjøparane

auke fleksibilitet. Ei av dei viktigaste forenklingane, som tok til å gjelde allereie 9. september 2005, var å auke nivået på den nasjonale terskelsummen frå 200 000 til 500 000 kroner. Denne terskelsummen avgjer når prosedyrereglane i forskrifta skal nyttast. Innkjøp under denne grensa skal tildelast i tråd med grunnleggjande prinsipp som at innkjøp skal vere opne, ikkje verke diskriminerande, kunne etterprøvast og skje etter konkurranse, medan innkjøp over terskelsummen må følgje detaljerte prosedyre- og kunngjeringsreglar. Endringa i terskelsummen står ved lag i den nye forskrifta.

I den nye forskrifta vert det tatt inn ein regel om ei enkel protokollplikt for alle innkjøp over 100 000 kroner. Bakgrunnen er dei grove brota på regelverket som Riksrevisjonen har avdekka. Ei protokollplikt, der det blir nedteikna nokre få faktiske forhold rundt innkjøpet, tar omsyn til prinsippet om at innkjøp må kunne etterprøvast, på ein måte som er kostnadseffektiv. Det er utarbeidd eit enkelt protokollskjema som det er valfritt å nytte. Dette dekkjer krava til innhaldet i ein protokoll. Skjemaet vert lagt ut på heimesidene til departementet.

Då den nasjonale terskelsummen vart heva, fall kravet til innlevering av HMS-eigenerklæring og skatteattest bort for innkjøp mellom 200 000 og 500 000 kroner. Generelt er det positivt med ein reduksjon av dokumentasjonsbøra hos leverandørane, men ei fjerning av desse dokumentasjonskrava kan gje ein ikkje ønska konkurransefordel for useriøse verksemdar. For å støtte opp under seriøse leverandørar vil difor den nye forskrifta stille eit krav om innlevering av skatteattest frå alle tilbydarane ved kontraktar over 100 000 kroner. I tillegg må den som får kontrakten levere eigenerklæring om HMS ved kjøp over 100 000 kroner.

Den nye forskrifta sidestiller elektroniske innkjøpsprosessar med tradisjonelle metodar for innkjøp. Det inneber at elektroniske middel kan nyttast ved gjennomføring av alle innkjøp. Departementet ser på dette som eit sentralt bidrag til å effektivisere offentlege innkjøp og er ein viktig del av den satsinga regjeringa gjer for å fornye offentleg sektor.

I gjeldande forskrift om offentlege innkjøp vart det i januar 2004 innført ein mellombels heimel som tillet statlege og kommunale innkjøparar å forhandle direkte med ideelle organisasjonar når dei skal kjøpe helse- og sosialtenester.

Den generelle bakgrunnen for unntaket er at det er usikkert om kravet til open konkurranse tek nok omsyn til eit ønskje om samfunnsengasjement og samarbeid med dei ideelle organisasjonane.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at frivillig sektor kan fortsette å løyse samfunnsoppgåver og at sjukehus som frivillige organisasjonar eig og driv, skal sikrast gode vilkår gjennom avtaler med det

offentlege. Regjeringa ønskjer difor å vidareføre unntaket. Det grunnleggjande kravet om konkurranse gjeld òg når ein kjøper frå ideelle organisasjonar. Det betyr at innkjøparane, så langt det er mogleg, skal be om tilbod frå fleire ideelle organisasjonar når dei skal kjøpe helse- og sosialtenester.

Forskrifta slår fast praksis frå EF-domstolen om at det er lov å stille særlege vilkår om miljøomsyn og sosiale omsyn i samband med oppfyllinga av ein kontrakt. Innkjøparar vert òg gjeve høve til å avgrense konkurransen til verksemder der fleirtalet av dei berørte sysselsette er funksjonshemma. Det er gitt ein regel om at innkjøpar under planlegginga av det enkelte innkjøp, i tillegg til å ta omsyn til livssyklus kostnader og miljømessige konsekvensar, skal ta omsyn til universell utforming.

Arbeidet med forenkling har mellom anna hatt som føremål å klargjere ulike forhold. Forskrifta gjev reglar for kva som er lovleg framgangsmåte for å avgrense talet på deltakarar i ein konkurranse. Likeeins gjev forskrifta reglar for i kva grad oppdragsgjevar, i ein konkurranse med forhandling, er forplikta til å forhandle med alle som har levert tilbod og korleis talet på tilbod skal reduserast. Det er òg søkt å klargjere avvisingsreglane og reglane om grunnleggjingsplikta. Det er gjeve reglar om bruk av rammeavtaler, medrekna korleis avrop skal kunne gjennomførast utan å kome i konflikt med dei grunnleggjande prinsippa i regelverket. Det er gjeve nærare reglar om plikta til å opplyse om prioriteringa av tildelingskriteria.

Forskrifta gjev ein utvida rett til å innhente manglande dokumentasjon knytt til forhold ved leverandøren. Over EØS-terskelsummane, der høvet til å nytte konkurranse med forhandling er snever, er det innført ein nyutvikla prosedyre, kalla konkurranseprega dialog.

I tillegg til det arbeidet som er gjort for å forenkle forskrifta om offentlege innkjøp, vil departementet utarbeide ein rettleiar til forskrifta for å gjere regelverket lettare tilgjengeleg.

3.2 Dei viktigaste endringane i den nye forskrifta om innkjøpsreglar for forsyningssektorane er desse:

Innkjøpsreglane for forsyningssektorane er i all hovudsak ei rein implementering av EU-direktivet som gjeld på området.

Den 9. september 2005 vart det vedteke å overføre ei rekkje offentlege oppdragsgjevarar frå forsyningsforskrifta til forskrift om offentlege innkjøp. Dette gjaldt alle offentlege oppdragsgjevarar som ikkje er skilt ut som sjølvstendige rettssubjekt frå stat, fylkeskommune eller kommune. Bakgrunnen var at dei delane av stat, fylkeskommune og kommune som driv innanfor ein av forsyningssektorane, som for eksempel vass- og avløpsetaten i ein kommune, ikkje hadde plikt til å gjennomføre offentlege konkurransar før dei skulle gjere innkjøp over EØS-terskelsummane på frå 3,05 til 3,65 millionar kroner (avhengig

av sektor). Det førte til at svært mange innkjøp under desse terskelsummane ikkje vart kunngjort. Dermed fekk ikkje alle interesserte leverandørar vite om oppdraga, og difor heller ikkje høve til å konkurrere om dei. Overføringa hjelper dessutan til å motverke kameraderi og korrupsjonsliknande praksis, då det inneber at alle kjøp over 500 000 kroner må kunngjerast. Denne endringa vert vidareført i den nye forskrifta.

Gjeldande forsyningsforskrift omfattar oppdragsgjevarar i telekommunikasjonssektoren. Som følge av liberaliseringa av marknaden for telekommunikasjonstenester, er det ikkje lenger trong til å regulere innkjøp som vert gjort av aktørar som leverer teletenester. Denne sektoren vil difor ikkje verte omfatta av den nye forskrifta om innkjøpsreglar for forsyningssektorane. Vidare vert oppdragsgjevarar som yter posttenester, som i dag er omfatta av forskrift om offentlege innkjøp, overførte til forsyningsforskrifta. Bakgrunnen er den pågåande liberaliseringa av denne marknaden, og at både offentlege og private verksemdar nå tilbyr desse tenestene. Både desse endringane følgjer av det nye EU-direktivet.

Den nye forsyningsforskrifta vil på same måte som den nye forskrifta om offentlege innkjøp, jamstille elektronisk kommunikasjon med tradisjonell kommunikasjon. Alle innkjøp vil altså etter dei nye reglane kunne gjennomførast ved bruk av elektroniske middel.

I forsyningsforskrifta går det nå fram at det er tillate å stille særlege vilkår om miljøomsyn og sosiale omsyn i samband med oppfyllinga av ein kontrakt. Innkjøparar vert gitte høve til å avgrense konkurransen til verksemdar der fleirtalet av dei berørte sysselsette er funksjonshemma. Det er gitt ein regel om at offentlegrettslege organ under planlegginga av det enkelte innkjøp, i tillegg til å ta omsyn til livssyklus-kostnader og miljømessige konsekvensar, skal ta omsyn til universell utforming.

Det er gjeve nærare reglar om plikta til å opplyse om prioriteringa av tildelingskriteriane.

Det er innført ein ny prosedyre som inneber at ei verksemd kan søkje om å ikkje lengre vere omfatta av forsyningsdirektivet, dersom verksemda rettsleg og faktisk er utsett for konkurranse. Dersom dette er tilfelle vil det ikkje lenger vere behov for å påleggje oppdragsgjevar å følgje prosedyrereglane i direktivet.

4. Endring av heimel

Da lov 27. november 1992 nr. 116 om offentlige anskaffelser m.v. vart oppheva i 1999 av di gjeldande lov om offentlege innkjøp trådte i kraft, oppdaterte ein ikkje samstundes heimelen for forskrift om gjennomføring av EØS-avtala vedlegg XVI punkt 6 (Rfo EØF/Euratom nr.1182/71) om fastsetjing av reglar for fristar, datoar og tidspunkt. Dette var ein feil. Departementet foreslår difor at feilen

vert retta opp slik at forskrifta viser til rett heimel, som er lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser §11.

5. Tilråding

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r:

1. Forskrift om offentlige anskaffelser og forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) blir fastset i samsvar med vedlagte forslag.
2. Forskrift om gjennomføring av EØS-avtalen vedlegg XVI punkt 6 (Rfo EØF/Euratom nr. 1182/71) om fastsettelse av regler for frister, datoer og tidspunkter vert gjeve ny heimel i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser §11.